

Framlegg til forskrift om vern av Nag naturreservat, Strand kommune, Rogaland

Fastsett ved kongeleg resolusjonmed heimel i «Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvalting av naturens mangfold» (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å verna ei rik edellauvskog med tilhøyrande rikt markslag. Området er prega av stor variasjon i fukttilhøve og rikdom i jordsmonnet. Det medfører eit variert markslag frå lyng-blåbærmark med boreale treslag til lågurt- og kalkrik lågurt-mark med hovudsakeleg eik og hassel. Området er vinter mild og nedbørsrikt som gir habitat for fuktkrevjande artar.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr. i Strand kommune: 41/10.

Naturreservatet dekker eit totalareal på om lag 155 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Strand kommune, hjå Fylkesmannen i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetjing av dyr er forbode både på land og i vatn.
- c) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombels innretningar, parkering av campingvogner, brakker e. l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte ureiningar, plassering av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Skånsam beiting.
- e) Utsetjing av saltsteinar.
- f) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar merka av på vernekartet og i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.

- g) Bålbrønning med tørrkvist frå bakken eller med ved teken med inn i reservatet i samsvar med gjeldande lovverk.
- h) Drift og vedlikehald, samt naudsynt istandsetjing ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- i) Rydding av oppslag av busk og tre, med unnatak av eik, i område merka av på vernekartet.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og sykkelsti viste på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre samt riding forbode.

§ 6. (generelle unntak fra reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskjøyring.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før kjøring skjer.
- b) Naudsynt motorferdsel i samanheng med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.
- c) Naudsynt uttransport av felt storvilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- d) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Avgrensa bruk av reservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- c) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- d) Rydding og vedlikehald av eksisterande stiar merka i vernekartet.
- e) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- f) Oppgradering eller fornying av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 4.
- g) Oppføring av gjerde i samband med beiting.
- h) Uttak av norsk gran og utanlandske treslag.
- i) Naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 f, og h og § 7 b, c, e, g og h.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtildstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (*forvaltningsplan*)

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalda nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (*forvaltingsstyresmakt*)

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§ 12. (*ikraftsetjing*)

Denne forskrifta trer i kraft straks.